


Det kongelige
Kultur- og kyrkjedepartementet
Postboks 8030 Dep
0030 Oslo

Vår dato: 15. februar 2007
Vår ref.: 113/060



Postboks 1043 Sentrum
N-0104 Oslo, Norge
Besøksadresse
Rådhusgata 1-3

Telefon +47 23 08 14 50
Telefaks +47 23 08 13 81
post@kirkeakademiene.no
www.kirkeakademiene.no

Organisasjonsnr. 971 272 597
Kontonr. 6026 05 02835

Medlem av Ecumenical
Association of Academies
and Laity Centres in Europe
(EAALCE)

Norske kyrkjeakademi takkar for høyringsnotat
med utkast til lov om offentlige styresmakter sitt ansvar for kulturverksemd.

Kort presentasjon av Norske kyrkjeakademi (NKA)

Kyrkjeakademirørsla er eit frivillig, økumenisk og uavhengig nettverk av lokale kyrkjeakademi og kyrkjeforum som opererer i skjeringspunktet mellom kyrkje/kultur og samfunn. NKA har i dag 57 medlemsakademi rundt om i landet, og dei står bak i overkant av 250 arrangement i året. Det er foredrag, konsertar, førestillingar, utstillingar, filmkveldar, filosofiske samtalar, seminar, konferansar eller heile festivalar. Tematisk er det spørsmål innan kunst og kultur, kyrkje og kristentru, samfunn og religion som blir tatt opp. Verksemda har lokal forankring, er samla i eit nasjonalt fellesorgan i Norske kyrkjeakademi (NKA) med kontor i Oslo, og er tilslutta eit internasjonalt nettverk gjennom Ecumenical Association of Academies and Laity Centres in Europe (EAALCE) og det globale OIKOSNET.

NKA stimulerer til dialog og kommunikasjon mellom kyrkja og resten av kultur- og samfunnslivet og vi arbeider for auka kulturinteresse innanfor kyrkjelege miljø. Vi har lagt vekt på kor viktig kunsten og den opne fordomsfrie samtalen er, også i kyrkjeleg samanheng. Det er vidare viktig for NKA å framheve og styrkje kyrkja som kulturaktør. Med bakgrunn i dette fekk NKA i oppdrag frå Kyrkjerådet å utarbeide kulturmelding for Den norske kyrkja. Meldinga "Kunsten å være kirke" vart overlevert til Kyrkjerådet i 2005.

I perioden 2002 – 2003 gjennomførte NKA eit forprosjekt om kyrkja i Den kulturelle skolesekken. Målsetjinga med prosjektet var:

- å gjere barn og unge, skole, kunstliv og kyrkje medvitne om dei kulturelle skattane innanfor musikk, arkitektur, biletkunst, litteratur og drama som kyrkjene forvaltar.

- å inspirere og utfordre til kunstnarisk nyskaping retta mot barn og unge i denne samanhengen.

Rapporten frå prosjektet er lagt ut på våre heimesider: www.kirkeakademiene.no. Her konkluderer vi blant anna med, at det jamt over er stor interesse for å utvikle nye produksjonar og lage prosjekt relatert til kyrkje, tru og religion. Det ligg også eit stort og ubrukt utviklingspotensiale på i dette feltet.

Høyringsvar

Kyrkja sin plass i Den kulturelle skolesekken

Eit av suksessmåla for DKS, slik dei er nedfelt i Stortingsmelding nr. 38, er at heile kunst- og kulturfeltet skal vere representert i Den kulturelle skolesekken. Den lokale forankringa er eit av dei andre suksessmåla.

Norske kyrkjeakademi er opptatt av at kyrkjebygget og den kulturen som dette bygget rommar, i for liten grad er inkludert i DKS. Rapporten "Ekstraordinært eller selvfølgelig?" stiller ikkje spørsmålsteikn ved kyrkjekunsten og den kyrkjelege kulturarven sitt tilsynelatande fråver i DKS.

Storingsmelding nr. 38, Den kulturelle skolesekken, nemner kyrkjene sin naturlege plass i sekken: "Den norske kyrkja forvaltar ein monaleg del av vår kulturarv gjennom dei om lag 1600 kyrkjene her i landet. Dels formidlar dei historia om levekår og tru i tidlegare tider, dels knyter dei fortid og notid saman fordi dei formidlar ei levande tru.

350 av kyrkjene i Noreg er bygde før 1650 og 28 av dei er stavkyrkjer. Desse er freda, og til saman meir enn 900 kyrkjer er rekna som særleg verneverdige av Riksantikvaren. Det rike kulturmateriallet, arkitektur, biletkunst, trearbeid, tekstilkunst og liturgisk utstyr, som mange av kyrkjene inneheld, er kjelder til kunnskap, lokal identitet og oppleving."

Den lokale forankringa er basis i DKS. Stort sett alle lokalsamfunn har ei eller fleire kyrkjer i nærleiken og i mange lokalsamfunn er kyrkja det viktigaste kulturhuset ein har felles. Langt fleire enn dei som tek kyrkja aktivt i bruk ved gudstenester og andre arrangement har difor eit eigarforhold til dette bygget. Dette gjev eit godt grunnlag for ei lokal forankring av DKS med kyrkja som utgangspunkt.

I kyrkjesusa er, som nemnt ovanfor, ofte det finaste vi har i norsk kunst- og handverkstradisjon, det beste av arkitektur, biletkunst og kunsthandverk investert. Det er difor ikkje rart om mange lokalsamfunn gjerne skulle visst meir om kyrkjene sine og har etterlyst tilbod som knyter seg til kyrkjebygga med deira kunst og kultur. Ei satsing på kyrkja kan vere med å gje DKS ei lokal forankring.

Kyrkjesusa er symbolbygg som mange menneske føler ei tilknytning til. Lokalsamfunnet har teke bygga i bruk til markering av sorg og glede, frykt og anger, forsoning og fred. Kyrkjene skaper også ein stad som gjerne er med på å forme menneske sin identitet. Det faktum at vi ofte kan finne spor etter ein eldre kultstad i samband med dei gamle kyrkjene, understrekar dette. Arkitekturprofessor Christian Nordberg-Schulz har skildra noko av dette i ein omtale av Rønjomkyrkjene (Kyrkjer bygd av kyrkjebyggjaren Jaran Rønjom, 1752-1822): "Felles for kirkene er utpreget reiste, vertikale proporsjoner. De er derfor meget virkningsfulle som landemerker og spiller en vesentlig stedskapende rolle."

Kyrkjene er vår felles kulturskatt. Det er viktig at denne skatten blir tatt vare på og formidla til nye generasjonar. Utan at dett skjer, vil ein vesentleg del av norsk kulturarv gå tapt. Spørsmålet er difor ikkje om kyrkjebygga blir tatt i bruk og formidla i Den kulturelle skolesekken, men korleis dei kan bli det.

I tillegg til at bygga rommar viktige sider ved kunst- og kulturarven vår, er dei i dag også arenaer for nye kulturuttrykk. Det blir kontinuerleg laga nye tekstilar til kyrkjene. Nyskriven kyrkjemusikk blir oppført. Kyrkjespel blir sett opp. Kyrkjerommet blir utforska gjennom moderne ballet og andre kunstnarleg uttrykk. Den norske kyrkjas kulturmelding, "Kunsten å være kirke" som Norske kyrkjeakademi hadde ansvaret for, legg grunnlaget for ei endå sterkare satsing på kyrkja som kulturaktør.

Kyrkja kunne og burde, med sine profesjonelle og frivillige kulturarbeidarar, bli sett i stand til å tilby sine tenester og kompetanse til skuleverket. Men det er like viktig at andre kulturinstitusjonar og lokale kunstnarar blir utfordra til å lage formidlingsproduksjonar som tek utgangspunkt i kyrkja og hennar kultur. NKA har sakna dette perspektivet i den satsinga som har vore til no. Nesten alle andre kulturinstitusjonar enn kyrkja er "på bana" når kulturnista til barna skal pakkast. Det er kanskje ikkje avgjerande at kyrkja som institusjon er involvert, men det er både ønskjeleg og naturleg sidan kyrkja er ein av dei største kulturinstitusjonane vi har her i landet. Når kyrkjekunst og kyrkjekultur også er bortimot fråverande i dei formidlingsproduksjonane som andre kulturinstitusjonar eller kunstnarar presenterer til barn og unge, er det grunn til å rope eit lite varsko.

Norge har eit veksande religiøst og kulturelt mangfald. Religion er i ferd med å kome ut av den private sfæren den har vore reservert til. Og med religion tilbake i det offentlege rommet, er det vanskeleg å sjå at framtidens generasjonar ikkje vil vinne på å ha kjennskap og kunnskap om den kunsten og dei kulturuttrykka som religionane ber med seg. Eit medvite arbeid med den kyrkjelege kulturen kan gje eit godt grunnlag for dialogen med representantar for andre kulturar og livssyn/religionar om deira kulturskattar og den religiøse eller livssynsbaserte kunsten.

I ei tid då ein innanfor kulturlivet naturleg nok er opptekne av å ta vare på og utvikle det fleirkulturelle og globale, skulle ein kanskje tru kyrkja med si lokale forankring ville måtta falle gjennom. Men dette er langt frå tilfellet. Den kyrkjelege kulturen har knytt og knyter det lokale til det globale og den syner korleis kunstnariske uttrykk har blitt og blir utveksla mellom lokalsamfunnet og det globale samfunnet.

Den kulturelle skolesekken sitt ansvar for openheit og undring på det religiøse og kyrkjelege feltet

Ei inkludering av kyrkje og religion i Den kulturelle skolesekken vil vi sjå i samheng med statens generelle kulturpolitikk. I høyringsnotatet frå Kultur- og kyrkjedepartementet, "Utkast til lov om offentlege myndigheters ansvar for kulturvirksomhet og drøfting av spørsmålet om grunnlovsfesting av kulturhensyn" blir det lagt vekt på at store deler av kulturpolitikken kan sjåast på som eit ledd i oppfyllinga av det sokalla infrastrukturkravet som er grunnlovsfesta i §100 sjette ledd: "Det paaligger Statens myndigheter at lægge forholdene til rette for en aaben og oplyst offentlig samtale". Norske kyrkjeakademi er opptatt av kulturell openheit og aktivitet og ein open, opplyst samtale også skal omfatte det kyrkjelege og religiøse feltet. Og vi meiner dette bli verkeleggjort dersom barn og unge gjennom den kulturelle skolesekken får møte det mangfaldet av kunstuttrykk og perspektiv som den religiøse kunsten rommar.

Den kunsten som har kome til gjennom kyrkjens 1000-årige historie her i landet, syner kor forskjellig tradisjonen har blitt fortolka og korleis den har blitt påverka av lokal og global kultur og fylgd endringane i tida. Samstundes kan ein følgje gjenkjennelege linjer som går gjennom historia og på tvers av kulturane. Kulturformidling til barn og unge kan vere ei viktig påminning om at også dei perspektiva vi har i dag, er prega av den same spennet mellom det gamle og det nye, det lokale og det globale. Dagens kunstuttrykk tilfører kyrkja nye måtar å sjå ting på og utfordrar det vante. Alt dette kan sjåast på som ei føresetning for- og eit ledd i oppfyllinga av infrastrukturkravet.

Ufordringar

Kyrkja treng å bli utfordra og inspirert til i sterkare grad å vere medviten om sin eigen kunst- og kulturarv, og til å vere ein ansvarleg, open og aktiv kulturaktør i dagens samfunn ved å invitere til stadig kunstnarisk fornying. Kunstnarar og kulturinstitusjonar treng på si side å bli utfordra og inspirert til å vere nyskapande i møtet med kyrkje, tru og religion og til å ta vare på, formidle og stadig nytolke dei kulturtradisjonane som ligg i den kyrkjelege kulturarven – overfor eit ungt publikum. Og når det gjeld skoleverket og utdanningsinstitusjonar så treng også dei å bli utfordra og inspirert til å skape god formidling til barn og unge omkring dei kunstnariske og kulturelle verdiar kyrkja har å by på, slik at dei betre og tryggare kan ivareta dei moglegheitene som ligg i både DKS og i læreplanane, slik det til dømes er nedfelt i kompetansemåla til KRL-faget ("beskrive og reflektere over særtrekk ved kunst, arkitektur og musikk knyttet til kristendommen").

Det trengst:

- ein offensiv frå skolen si side overfor kyrkja som kulturarena i lokalsamfunnet, med opplegg gitt på skolen sine premiss. DKS er ein moglegheit til å utvikle gode og kvalitative opplegg.
- tilbod til skular om konsertar, utstillingar, førestillingar, ressurshefte, filmar, bøker, CD'ar eller andre opplevings-/kunnskapsformidlingsopplegg.
- tilbod til skulane om formidlingsprosjekt der elevane skal vere deltakande og skapande.
- etterutdanningstilbod/konferansar/diskusjonar for lærarar, kyrkjeleg tilsette, kunstnarar eller andre grupper i kulturlivet.

Erfaringar

Gjennom sitt forprosjekt om kyrkja i Den kulturelle skolesekken har NKA gjort seg nokre erfaringar som vi meiner kan vere nyttige i den vidare utviklinga av DKS.

I evaluering av forprosjektet om kyrkja i den kulturelle skolesekken skreiv NKA i 2003: "Kunstnarar og kulturorganisasjonar er utfordra til å skape nye prosjekt i møte med kyrkje, tru og religion. Vi opplever at det er ei stor interesse for å utvikle nye produksjonar på dette feltet, både hjå dei store institusjonane, i frie grupper og blant einskildkunstnarar. Vi forventar difor at det vil kome mange gode søknader i tida framover, og vi har tru på at det vil vere vilje til å satse på dette feltet."

I dag har vi inga oversikt over i kva grad slike prosjekt er utvikla. Dette heng blant anna saman med at vi ikkje kan finne nokon oversikt over prosjekt som er innlemma i DKS. Vi trur det ville vore nyttig for fleire om ein slik oversikt hadde eksistert, og vi trur det ville gje eit betre oversyn over kva felt DKS dekkar og kva som fell ut. Generelt er det også vår inntrykk at det blir stilt for lite produksjonsmidlar til disposisjon i forhold til dei midlane som trengst for å utvikle nok gode produksjonar.

På kyrkjelege hald er det ikkje midlar produksjonsutvikling. Dette hindrar kunstnarar og kulturarbeidarar i kyrkjeleg samanheng i å utvikle prosjekt.

I skolen har vi inntrykk av at mange i dag er endå meir usikre enn før på kontakten mellom kyrkje og skole, og at formidlinga av kyrkjekunst og kultur ofte lid under dette. Så langt finn vi få spor av kyrkjekulturelle aktivitetar i dei tilboda skulane får gjennom DKS.


Tilrådingar

Norske kyrkjeakademi vil tilrå at:

1. Det blir i ein periode stilt særskilde utviklingsmidlar til disposisjon for kyrkjerelaterte prosjekt i DKS. Dette for å gje feltet eit ekstra løft.
2. Det blir utarbeidd ein nasjonale oversikt over dei prosjekta som inngår i DKS, nasjonalt, regionalt og lokalt og denne oversikten blir lagt ut på nettsidene til DKS.
3. Det blir tatt initiativ til å inkludere representantar for kyrkjekunst/kulturfeltet i referansegrupper, styringsgrupper og andre styrande eller koordinerande organ i DKS.
4. Kyrkjeavdelinga og kulturavdelinga i KKD får eit særskild ansvar for å koordinere si verksemd slik at kyrkja ikkje fell ut av Den kulturelle skolesekken.
5. Det blir arbeidd med å inkludere kunst- og kulturuttrykk også frå andre religionar i DKS, gjerne i dialog med dei uttrykka den kyrkjelege kunsten representerer.

NKA vil til avslutningsvis understreke at det er både kunstig og urovekkjande om kunst og kultur knytt til religion blir halden utanfor Den kulturelle skolesekken. Vi saknar ei tydeleggjering og medvitsgjerjing av dette.

Med venleg helsing


Margunn Sandal
generalsekretær